

Vurdering av innspel

Planprogram for kommunedelplan for Dale 2026-2038

I innspelslista blir alle uttalar frå offentlege instansar, samt innspel frå andre aktørar som omhandlar planprogrammet, vurdert. Andre innspel frå t.d. folkemøta vil bli tatt med vidare inn i planarbeidet. Desse innspela vil bli grundigare vurdert i samband med utarbeiding av sjølve plandokumenta.

Dato	Avsendar	Oppsummering av innspel/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
30.01.2025	Statens vegvesen	Vegvesenet peiker på at Dale har eit todelt sentrum, med butikkar og offentlege tilbod i nord ved fjorden, mens blant anna skule og idrettsanlegg ligg på Dingemoen. Den kommunale vegen mot Bjerga er smal og manglar tilbod for gåande og syklande. Vegvesenet tilrår fortetting langs etablert vegnett som et tilpassa både køyrande og mjuke trafikantar, særleg mellom Dale sentrum og Dingemoen, istadenfor å legge til rette for nye bustadområde som krev store investeringar i vegnettet for å sikre framkome og trafikktryggleik. Vegvesenet oppmodar kommunen om å gå gjennom eksisterande arealplanar for å sjekke om desse er i tråd med overordna	Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. I kapittel 4 i planprogrammet under sentrumsutvikling er det lagt til eit kort avsnitt om behovet for god utnytting av areala i sentrum og fordelane med fortetting i sentrum. Tatt til etterretning og følgt opp i planarbeidet der det er relevant. Sjå kapittel 3.4 i planprogrammet. Alle gjeldande reguleringsplanane vil bli gjennomgått i samband med planprosessen.

		planar og omsynet til god framkome og trafikksikkerheit. Kommunen skal også oppdatere trafikktryggingsplanen.	Fjaler kommune er i gang med å revidere trafikktryggingsplanen. Den skal bli vedtatt i løpet av 2025 eller seinast i starten av 2026.
10.02.2025	Mattilsynet	I si uttale viser Mattilsynet til tilsyn ved Dale vassverk som resulterte i at kommunen ble pålagt til å revidere farekartlegginga/-handteringa ved vassverket. Kommunen blir oppfordra til å tenke heilskapleg og framtidsretta om drikkevassforsyning i kommunedelplanen, blant anna pga. utfordringar knytt til klimaendringar og endre sikkerheitssituasjon. Mattilsynet tilrår at kommunen kartlegg alternative, kjente grunnvassressursar som kan bli nytta som reservekjelder.	Det vil bli gjennomført nye vurderingar knytt til omsynssonar rundt vassverket i planprosessen. Innspelet er tatt til etterretning.
11.02.2025	Direktoratet for mineralforvaltning	Dersom det skal takast inn nye område for råstoffutvinning bør kommunen vurdere å sette krav om reguleringsplan. Kommunen må vurdere vesentlege verknadar av forslag til endra arealbruk på viktige mineralressursar. Alle nye område som kjem i nærleik av, eller i berøring med, mineralske førekomstar, eller masseuttak, bør vurderast om dei gjer ressursar	Innspela er tatt til etterretning.

		utilgjengelege for framtida. Ved masseuttaksområder bør kommunen vurdere om endra arealbruk røyler ved potensielle område for utviding av uttaket. I samband med utbygging av bustader og infrastruktur bør ressursbehovet i forhold til massar og massehandtering bli vurdert. Gjenbruk av massar skal tilretteleggast der det er mogleg.	
17.02.2025	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Dersom planen opnar for tiltak utan krav om detaljregulering må reell fare knytt til samfunnstryggleik vere avklart på kommunedelplannivået. NVE tilrår at alle aktsemdområde for naturfare skal innarbeidast i plankartet som omsynssoner og at det blir knytt føresegner til desse omsynssoner. Kunnskap om naturfare skal vere oppdatert. Reell fare for kvikkleireskred i faresone 3081: Dale skal avklarast før det blir opna for nye tiltak i området. Der det er gjennomført skredfarekartlegging, skal faresonene innarbeidast i plankartet og det skal innarbeidast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred før utbygging kan finne stad.	Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Det vil bli gjennomført ytterlegare kartleggingar før det blir opna for nye tiltaket i faresona. Innspelet er tatt til etterretning.

		Det skal sørgast for at utbygging ikkje tillatast i flaum- og erosjonsutsette område og at det blir definert ei byggegrense frå bekker og elver. NVE tilrår at overvasshandtering blir vurdert i arbeidet med ROS-analysen. Vidare tilrår dei at planprogrammet opnar for å legge føringar for handtering av overvatn. NVE oppmodar kommunen om å legge opp til ein arealbruk som ikkje medfører inngrep i vassdrag, og at eventuelle inngrep må konsekvensutgreiast for å vurdere korleis tiltaket påverkar ålmenne interesser i vassdraget.	Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. I kapittel 4 under samfunnstryggleik er det lagt til følgande setning: «Gjennom planen kan det leggst føringar for handtering av overvatn». Innspelet er tatt til etterretning.
28.03.2025	Kyrkja i Fjaler v/ Kristin Kalstad	I Fjaler sokn si uttale blir det gjeve ei utgreiing om status på gravplassane i kommunen og arealbehovet for ein ny gravplass i Dale. Gravplasslova set krav for at det skal vere nok gravstader til 3% av folketalet til ei kvar tid. Samla sett blir dette kravet oppfylt i Fjaler, men ikkje for Dale gravplass. Etter kyrkja si vurdering vil alle gravplassane i Dale vere fullteikna om ca. 6 år. Arealbehovet for ein ny gravplass blir rekna til 6 mål til gravfelt for urner og kistegraver.	Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Arealbehovet er lagt til i kapittel 4 under offentlege tenester.

		Det er tilrådd at gravfelt bør utgjere ca. 30-40 % av totalt gravplassareal. Dermed er det totale arealet på mellom 15 og 20 mål. I val av lokasjon bør det takast omsyn til følgande tema: • Grunnforholda etter gjeldande krav for gravplass • Tilgjenge • Universell utforming • Buffersone med naboskap • Teknisk infrastruktur • God stad for gjennomføring av gravferd og bearbeiding av sorg • Benkar til sitteplassar, og vegetasjon • Parkering Kyrkja ber kommunen om å vurdere følgande lokasjonar som ny gravplass: • Moldbakkane • Bjerga • Dingemoen	Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Kommunen må gjere heilskaplege vurderingar knytt til lokasjon, og dermed må truleg fleire område bli vurdert og utgreidd som alternativ.
28.03.2025	Statsforvaltaren i Vestland	Planprogrammet Statsforvaltaren påpeikar at kap. 3.2 må oppdaterast med dei nye statlege planretningslinjene som blei vedtatt i desember 2024 og januar 2025.	Kapittel 3.2 er oppdatert med dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet, samt klima og energi.

		I kap. 3.5 er det nemnt relevante lover for planarbeidet. Her saknar SF mange viktige lover, som blant anna naturmangfaldlova, jordlova, lakse- og innlandsfiskelova, klimalova m.fl. Statsforvaltaren meiner at planprogrammet kan med fordel ha større fokus på koplinga til samfunnsdelen som blir revidert samtidig. Dei nye føringane i samfunnsdelen må følgast opp i kommunedelplanen, t.d. dei vedtekne arealstrategiane. Medverknad og framdriftsplan SF påpeikar at andre høyringsforslaget er føreslått lagt ut til offentleg ettersyn i juni og juli 2026. Statsforvaltaren rår frå å legge planforslaget ut til høyring i feriemånadane. I medverknaden skal kommunen aktivt kommunisere kva for tema og utfordringar skal bli drøfta i møte og andre medverknadsarenaer. SF meiner at medverknad frå barn og unge ikkje er vist til utover planverkstad på skulane. Det er ikkje omtalt korleis talspersonen til barn og unge kan fylle si rolle i planprosessen. SF framhevar	Det har blitt lagt til fleire relevante lover i kapittel 3.5. I kapittel 3.4 under kommuneplanen sin samfunnsdel er følgande setningar lagt til: «Planprosessane er lagt opp slik at kommuneplanen sin samfunnsdel blir vedtatt før kommunedelplan for Dale. Dermed må kommunedelplanen følge opp måla som blir fastsett i samfunnsdelen». Framdriftsplanen i kapittel 6.1 er endra slik at andre gongs høyring skal finne stad i oktober og november 2026. Innspelet er tatt til etterretning. I tillegg til planverkstad på skulane vil kommunen gjennomføre Barnetråkk på barne- og ungdomstrinnet på Dingemoen skule. Barnetråkk er lagt til i kapittel 6.2. Talspersonen til barn og
--	--	---	---

		viktigheita å legge til rette for aktiv deltaking tidleg i planarbeidet. Rydding og oppdatering av gjeldande reguleringsplanar Statsforvaltaren understrekar at alle reguleringsplanar skal gjennomgåast i samband med «planvask». Kommunen må gå igjennom arealbruken i alle reguleringsplanar, og grunngje kvifor dei skal oppretthaldast. Metode for konsekvensutgreiing Statsforvaltaren oppmodar om å gjere greie for kva tema som skal utgreiast i KU. Kvart utgreiingstema skal skildrast i planprogrammet. Her skal også det eksisterande kunnskapsgrunnlaget vurderast, dvs. om det er behov for ytterlegare utgreiingar. SF minner om at konsekvensane for enkelte utbyggingsområde skal skildrast kvar for seg og at det i tillegg skal vere ei overordna vurdering av alle arealbruksendringar i planen. Statsforvaltaren oppmodar kommunen om å sette eit mål om å vere mest mogleg klima- og arealnøytral.	unge er nå utnemnt og vedkommande vil ha ei aktiv rolle i planarbeidet. Kapittel 3.4 er endra slik at alle reguleringsplanen skal bli gjennomgått, i staden for berre dei som er eldre enn 10 år. Kapittel 5.1 er oppdatert med utgreiingstema for KU med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag for kvart utgreiingstema. Kommunen ser eit behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning.
--	--	---	--

		Utviklingstrekk og bustadbehov, trafikktryggleik SF peiker på at for å kunne redusere bruken av privatbil, bør kommunen lokalisere ny utbygging i tilknytning til eksisterande infrastruktur og sosialt miljø. Barn og unge SF minner om at kommunen må sørge for å sikre ein samanhengande grønstruktur som knyter saman område som barn og unge nyttar. Kommunen må også sørge for at leikeareal ikkje blir utsett til ureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Universell utforming Statsforvaltaren minner om at kommunen må legge til rette for brukarmedverknad ved utforming av retningslinjer for universelt utforma bustader og nærmiljø. Vidare oppmodar SF om at kommunen utarbeider forpliktande og ambisiøse målsettingar knytt til universell utforming. Universell utforming skal vere godt ivaretatt ved all planlegging og utbygging. Miljøutfordringar – klima og naturmangfald Statsforvaltaren viser til fråsegna til oppstart av arbeidet med samfunnsdelen og at	Innspelet er tatt til etterretning. I kapittel 4 under sentrumsutvikling er det lagt til eit kort avsnitt om behovet for god utnytting av areala i sentrum og fordelane med fortetting i sentrum. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Innspela er tatt til etterretning.
--	--	--	--

		denne blir lagt til grunn for arbeidet med kommunedelplanen. SF minner også om dei nye statlege planretningslinjer som gir kommunen nye verktøy som blant anna å nedlegge bygge- og deleforbod i ein del tilfelle. Vurderingar knytt til kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald skal synleggjerast i planomtalen/konsekvensutgreiinga. Desse vurderingane skal vere etterprøvbare, og dei skal omtale eventuelle avbøtande tiltak for å dempe negative verknadar for naturmangfald. Strandsone SF påpeikar at planen sine verknadar for allmenne interesser i strandsona må komme tydeleg fram i konsekvensutgreiinga. SF minner om at det må fastsettast ei byggegrense langs sjøen og byggegrensa nærare sjøen enn 100 meter kan settast berre etter ei samla vurdering av verknadane for dei allmenne interessene.	Innspela er tatt til etterretning.
--	--	---	---

		Vassdrag SF påpeikar at verknadar for allmenne interesser ved forslag til bygging langs vassdrag skal utgreiast på same måte som i strandsona. Eventuelle inngrep i elvekant skal minimerast med omsyn til kantvegetasjon, fiskeinteresser og biologisk mangfald. Landskap Statsforvaltaren minner om at både nær- og fjernverknad for landskapet må vurderast i konsekvensutgreiinga for kvart av enkeltområda. Gravplass Statsforvaltaren listar opp ein del faktorar som skal takast omsyn til i lokaliseringa av ein ny gravplass. • Grunnavasstand • Jordsmonn • Drenering • Terrengforhold • Støy og buffersone mot tilgrensande areal • Kulturminneverdiar Landbruk og jordvern SF påpeikar at Fjaler er blant kommunane i Vestland som omdisponerer mest dyrka	Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Mange av desse faktorar er også nemnt i kyrkja si uttale. Arealstrategiar knytt til omdisponering av matjord vil bli utarbeidd i arealstrategien for
--	--	---	--

		mark i fylket, ut frå folkesetnad og jordbruksareal. Det blir vidare vist til innstrammingar i jordvernpolitikken og -praksis sidan gjeldande plan blei vedtatt i 2015. Dermed skal kommunen greie ut alle ubygde føremål som femner jordbruksareal eller -interesser på nytt, særleg på Bjerga. Om lag 60 prosent av den samla byggereserven innanfor planområdet er ubygd jordbruksareal. SF forventar at kommunen har meir fokus på fortetting og høg utnytting i sentrumsområda. Statsforvaltaren meiner at utviklinga der handelen har spreidd seg i retning Dingemoen, samtidig som kommunen er mest fokusert på moglegheitene for utbyggingar av eine- og fåmannsbustadar, fører til meir bilbasert busetting og handel. SF meiner det vil vere svært uheldig å bygge ut på Steia utover B7, samt på BKB og T/B langs Dalsvegen og at dette vil vere i strid med statlege og regionale jordverninteresser.	kommuneplanen sin samfunnsdel. Desse vil da bli førande for kommunedelplanen. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Kommunen ser på BKB og T/B som svært viktige område når ein prøver å legge til rette for samanhengande utvikling frå sentrum til Dingemoen. Gjennom kommunedelplanen skal det takast stilling til framtidig arealbruk i området.
--	--	---	--

		SF saknar omsynssoner for kjerneområde jordbruk og at kommunen skjermar dei beste jordbruksareala i planen. Samfunnstryggleik og beredskap / ROS-analyse SF minner om at kommunen må utarbeide ei ROS-analyse i alle plansaker. Alle risiko- og sårbarheitsforhold skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av føresegnene. Plankrav Dersom det blir opna for bygging utan plankrav, påpeikar Statsforvaltaren at kommunedelplanen må vere detaljert nok, slik at ein kan gå direkte på byggesak. Dersom verknadene er omfattande eller usikre, vil det føre til reguleringsplikt. Føresegnene skal vere såpass detaljerte og omfattande at arealbruken kan seiast å vere avklart mtp. sektorinteressene.	Innspelet er tatt til etterretning. Det er noko uklart når plan for kjerneområde landbruk vil bli utarbeidd. Denne er omtalt i planstrategien, utan at det er spesifisert når planen vil bli utarbeidd. Innspelet er tatt til etterretning. Innspela er tatt til etterretning.
28.03.2025	Fiskeridirektoratet	Fiskeridirektoratet ber kommunen om å nytte prinsippa som blei brukt i samband med revisjon av kommuneplanen sin	Innspela er tatt til etterretning.

		areal del. I område for registrert fiskeplass med aktive reiskap skal arealføremålet «fiske» og «kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone – fiske og ferdsel» brukast. For låsesettingsplassen inneber dette bruk av arealføremålet «fiske». Fiskeridirektoratet ber kommunen om innarbeide føreseigner som er relevante for å sikre fiske med aktive reiskap og låssetting i kommunedelplanen.	
31.03.2025	Vestland fylkeskommune (VLFK)	Arealrekneskap og arealreserve Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å vurdere alle (ikkje berre eldre) reguleringsplanar om dei er i tråd med nye kommunale, regionale og nasjonale føringar. Den samla arealreserven i planen bør spegle det realistiske behovet, t.d. gjennom befolkningsframskrivingar. Det bør utarbeidast eit oversyn over bustadreserve i gjeldande planverk ved avsetting av eventuelle nye bustader. Arealreserven skal synleggjerast i planen. Konsekvensutgreiing (KU) I kapittelet om konsekvensutgreiing tilrår fylkeskommunen å utdjupe kva	Kapittel 3.4 er endra slik at alle reguleringsplanen skal bli gjennomgått, i staden for berre dei som er eldre enn 10 år. Innspelet er tatt til etterretning. Kapittel 5.1 er oppdatert med utgreiingstema for KU med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag for kvart

		utgreiingstema skal vurderast og kva metodar blir brukt. Kjelder og kunnskapsgrunnlaget bør også bli lagt fram her. KU skal skilje mellom dei einskilde utbyggingsområda og dei samla arealbruksendringane. Fylkeskommunen forventar at det kjem klart fram kva alternativ som er vurdert for ulike arealføremål for å løyse og redusere eventuelle negative verknadar av føremåla. I planprogrammet kan det klargjerast korleis kommunen tenker å sile arealinnspele som kjem inn. Klima og miljø Fylkeskommunen minner om at regional plan for klima 2022-2035 skal leggst i grunn i kommunal planlegging. Klima og miljø skal vere eit overordna tema som blir inkludert i alle hovudtema i planarbeidet. Det bør setjast ambisjonar i føresegnar til materiale, fleksibilitet i bygg og energiløysingar som bidreg til å nå klimamåla.	utgreiingstema. Kommunen ser eit behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald. Innspelet er tatt til etterretning. Silingskriteria for innkomne innspel vil bli utarbeidd på eit seinare tidspunkt i planprosessen. Desse vil bli offentleggjort når første planforslaget blir lagt ut på høyring. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning.
--	--	--	--

		Klimagassutslepp bør inn som eige utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Stadutvikling Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028, samt strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane skal leggst til grunn i kommunedelplanen. Regional handelsføresegn set krav om sentrumsavgrensing, og all handelsverksemd skal lokalisrast innanfor sentrumsavgrensinga. Fylkeskommunen etterspør ei stadeigen utvikling, der utvikling av sentrum knyt seg til sjøen. Sentrumsutviklinga bør skje på menneske sine premissar, dvs. menneskevennlege miljøgater og offentlege rom osv. Klima og naturmangfald skal vere førande for utviklinga. Barn og unge sine interesser VLFK tilrår å sikre krav til leikeareal og uteopphaldsareal i føresegnene til kommunedelplanen. Strandsone Byggegrense mot sjø må vurderast for nye område som er sett av til utbygging i ny og gjeldande plan.	Kapittel 5.1 om KU er endra slik at klimagassutslepp er no eit eige utgreiingstema. Innspelet er tatt til etterretning. Ordlyden i kapittel 3.3 er endra etter at utviklingsstrategien blei vedtatt i desember 2024. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning. Innspelet er tatt til etterretning.
--	--	--	---

		Friluftsliv Fylkeskommunen påpeikar at ein del av stiar ikkje er inkludert i dei kartlagde friluftslivsområde. Dette bør ein ta omsyn til i arbeidet med planen. Planen for friluftslivets ferdselsårer skal inngå i kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med planen. Kulturminne og kulturmiljø Fylkeskommunen påpeikar at stortingsmelding 16 «Nye mål i kulturmiljøpolitikken» er sentralt i planarbeidet når det gjeld kulturmiljø. I planen skal det takast omsyn til korleis utvikling av ferdselsvegane langs sjø vil påverke eksisterande kulturmiljø. Fylkeskommunen poengterer at kulturminne og kulturmiljø skal inngå som tema i konsekvensutgreiinga. Vedtaksfreda kulturminne skal synleggjerast med omsynssone i plankartet. Mobilitet og transport Fylkeskommunen påpeikar at det må settast av areal til kollektivinfrastruktur i Dale. Haldeplassen i sentrum skal	Innspela er tatt til etterretning. Innspela er tatt til etterretning. Innspela er tatt til etterretning.
--	--	---	---

		markerast i plankartet med arealføremål «kollektiv». Det er også behov for å utbetre arealet for bussavviklinga på Dale vgs. Her er det ingen venteareal for elevane i dag. Vassforvaltning VLFK minner om at kommunedelplanen må bidra til at det generelle miljømålet om at alle vassførekomstar skal ha god miljøtilstand innan 2027, kan oppnåast. Dette kan gjerast gjennom tydelege føresegner og t.d. omsynssoner og retningslinjer. Fylkeskommunen viser til ein rapport som viser at det kan førekomme elvemusling i nedre delar av Dalselva/Storelva. Elvemuslingen er sårbar for forureining, noko som må takast omsyn til i planlegginga. Gjennom innarbeiding av eit betre kunnskapsgrunnlag for mangfald, skal kommunen sørge for å utarbeide nødvendige føresegner. Kommunen må sjå på avbøtande tiltak ved behov, og sjå til at nye tiltak ikkje fører til forringing av tilstand i vassførekomstane.	Innspela er tatt til etterretning.
--	--	--	---

08.04.2025	Kystverket	Kystverket har ingen vesentlege merknader til planprogrammet. Dei understrekar hamnene si rolle for folk og næringslivet langs kysten. Kystverket ber kommunen om å sikre tilgang til tilstrekkelege næringsareal med sjøtilgang for det maritime næringslivet.	Innspelet er tatt til etterretning.
------------	------------	---	-------------------------------------

Andre innspel som ikkje omhandlar planprogrammet

- 13.02.2025: Trond-Ole Håland
- 12.03.2025: Vevang Produksjon v/ Ingunn Eiken
- 25.03.2025: Magnar Høyvik, Werner Garre-Fivelsdal og Tone Solheim Holkestad
- 27.03.2025: Miljøpartiet Dei Grøne Fjaler v/ Mark Taylor
- 29.03.2025: Fjaler Høgre v/ Bjørn Helge Hjartholm
- 29.03.2025: Fjaler Høgre v/ Bjørn Helge Hjartholm
- 30.03.2025: Gro Fivelsdal og Werner Garre-Fivelsdal

Desse innspela vil bli tatt med vidare inn i planarbeidet.